



Annmari og Hanna saman med Tom Klippenberg fra Bjørnøy ved Bergen, som betaler Uskedal-avgifta med glede. Han har berre positive kommentarar om båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Klassevenninnene Annmari Kristoffersen og Hanna Kjærland har ein spesiell jobb denne sommaren – dei krev inn avgift av gjestene i Uskedal Båtlags hamn i kveldstimane. Og deira konklusjon av møtet med båtfolket er utan reservasjon: - Det er berre hyggjelege gjester som kjem til Uskedalen!

- Har det ikkje vore ein einaste negativ reaksjon?
 - Først ikkje, men det hender at nokre spøkjer med oss og vil ha rabatt av ymse årsakar, som mykje regn og at dei er pensjonistar. Men vi gjev ikkje rabatt, seier jentene.
- Dei minner om at prisen pr. døgn berre er 150 kroner og at den omfattar både straum og internett.

Annmari og Hanna har fått jobben gjennom SPAR der dei jobbar til vanleg. SPAR tok på seg denne viktige funksjonen for denne sesongen og då jentene fekk spørsmål om dei ville ta han nølte dei ikkje med å svara ja. Og dei løyser oppgåva med stil og smil, det kan uskedalen.no slå fast etter å ha vore saman med dei ei stutt kveldsstund i båthamna.

Dei siste dagane har innsiget av gjestebåtar vore svært bra – det var til dømes 32 natt til torsdag og 31 natt til fredag.

- Og når er det eigentleg fullt?
- Det er eit litt vanskeleg spørsmål fordi det avheng av kor mange av dei ordinære plassane som er opptekne. Men stort sett er det vel plass til rundt 40 som kjem utanfrå.

Av Ola Matti Mathisen



Britar er relativt sjeldne gjester i Uskedalen, men her er Harriet Flocks fra Huddersfield i Yorkshire som nettopp har betalt avgifta og finn seg godt til rette. (Foto: Ola Matti Mathisen)